



Utval:	Naturbruksnemnda
Møtestad:	møterom, Midsund Omsorgsenter
Dato:	18.04.2017
Tid:	10:30

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Oddbjørn Opstad	LEDER	
Eivind Klauset	MEDL	
Knut Eivind Lervik	MEDL	

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Olianne K. Nerbø	NESTL	
Aina Kirkeland Tangen	MEDL	

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Vara for:	Parti
Rolf Heggdal		

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ketil Ugelvik	Rådmann
Nils E. Sanden	Rådgjevar
Malvin Gjendem Bjørnerem	Utvalsekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Oddbjørn Opstad

Eivind Klauset

Knut Eivind Lervik

Rolf Heggdal

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 17/6	Godkjenning av protokoll	
PS 17/7	Referatsaker	
PS 17/8	Fullmakt ti lkommmunane for fastsetting av skotpremie etter viltlova § 51.	2017/85
PS 17/9	Søknad om tilskot frå viltfondet. Midsund storvald	2017/84
PS 17/10	Driveplikt på gnr 28, bnr 5 i Midsund. Pålegg	2015/476
PS 17/11	Driveplikt på gnr 54, bnr 5 i Midsund.	2016/204
PS 17/12	Landbruksmelding for Møre og Romsdal 2017. Høyring	2017/148
PS 17/13	Bruk av omsynssoner i kommune0planen sin arealdel.	2013/562
PS 17/14	Årsmelding - Årsrekneskap 2016	2017/182

Det vart halde møte i Natutbruksnemnda den 18.04.17 ved Midsund omsorgsenter. Møtet vart leia av Oddbjørn Opstad og tok til kl 10:30.

Olianne K. nerbø og Aina K. Tangen hadde meldt forfall til møtet og Rolf Heggdal møtte som vara.

Det var 4 voterande og nemnda var vedtaksfør.

Under referatsaker vart følgjande diskutert:

Sak 2015/460 Ettersøks og fallviltordninga i Midsund:

Det vart ikkje inngått nokon avtale med Trond Haukebø og derfor er der ingen avtale per i dag.

PS 17/6 Godkjenning av protokoll

Samrøysets vedtak i Naturbruksnemnda - 18.04.2017

Protokoll frå møte den 03.02.17 vart godkjent.

PS 17/7 Referatsaker

PS 17/8 Fullmakt ti lkommmunane for fastsetting av skotpremie etter viltlova § 51.

Forslag til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Behandling i Naturbruksnemnda - 18.04.2017

Forslag til vedtak:

«Naturbruksnemnda innfører skotpremie på mink og kråke på kr 100,- per individ. Ordninga trer i kraft når det vert avsett midlar til dette.»

Samrøystes vedtak i Naturbruksnemnda - 18.04.2017

Naturbruksnemnda innfører skotpremie på mink og kråke på kr 100,- per individ. Ordninga trer i kraft når det vert avsett midlar til dette

PS 17/9 Søknad om tilskot frå viltfondet. Midsund storvald

Forslag til vedtak:

Naturbruksnemnda i Midsund gir 12000 kroner i tilskot til Midsund storvald for 2017 på grunnlag av søknad av 12.02.2017. Det vert sett som vilkår at storvaldet legg fram rekneskap for bruk av midlane.

Behandling i Naturbruksnemnda - 18.04.2017

Følgjande tekst vert lagt til forslag til vedtak:

«Det vert sett som vilkår at det vert gjennomført ei vanleg hjorteteljning, at resultatata vert tilgjengelege for Naturbruksnemnda og at teljinga vert lagt til grunn ved utarbeiding av driftsplanen.»

Samrøystes vedtak i Naturbruksnemnda - 18.04.2017

Naturbruksnemnda i Midsund gir 12000 kroner i tilskot til Midsund storvald for 2017 på grunnlag av søknad av 12.02.2017.

Det vert sett som vilkår at storvaldet legg fram rekneskap for bruk av midlane.
Det vert sett som vilkår at det vert gjennomført ei vanleg hjorteteljing, at resultatata vert tilgjengelege for Naturbruksnemnda og at teljinga vert lagt til grunn ved utarbeiding av driftsplanen.

PS 17/10 Driveplikt på gnr 28, bnr 5 i Midsund. Pålegg

Forslag til vedtak:

Midsund kommune gir Alvild Beinset eit pålegg om å ta opp drifta for eiga rekning på gnr 28, bnr 5 i Midsund eller å inngå ein skriftleg avtale om utleige av jordbruksareala innan tre månader frå meldinga om vedtaket er motteken. Ein ev jordleigeavtale skal inngåast på minst 10 år og ein kopi av ein ev. avtale skal ovesendast Midsund kommune.

Dersom pålegget ikkje er gjennomført innan fristen, vert saka oversendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal for ev. vurdering av gebyr.

Vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal innan tre veker frå meldinga om vedtaket er motteken. Ein ev. klage skal sendast om Midsund kommune.

Samrøystes vedtak i Naturbruksnemnda - 18.04.2017

Midsund kommune gir Alvild Beinset eit pålegg om å ta opp drifta for eiga rekning på gnr 28, bnr 5 i Midsund eller å inngå ein skriftleg avtale om utleige av jordbruksareala innan tre månader frå meldinga om vedtaket er motteken. Ein ev jordleigeavtale skal inngåast på minst 10 år og ein kopi av ein ev. avtale skal ovesendast Midsund kommune.

Dersom pålegget ikkje er gjennomført innan fristen, vert saka oversendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal for ev. vurdering av gebyr.

Vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal innan tre veker frå meldinga om vedtaket er motteken. Ein ev. klage skal sendast om Midsund kommune.

PS 17/11 Driveplikt på gnr 54, bnr 5 i Midsund.

Forslag til vedtak:

Midsund kommune gir Kari Midling Gram pålegg om å ta jordbruksareala på gnr 54, bnr 5 i Midsund i bruk eller inngå ein skriftleg avtale på 10 år om utleige av jordbruksareala som tilleggsjord. Fristen vert sett til 01.06.2017.

Dersom ikkje pålegga vert iverksette innan fristen, vert saka oversendt fylkesmannen til vurdering.

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal innan tre veker frå meldinga om vedtaket er motteke.

Samrøystes vedtak i Naturbruksnemnda - 18.04.2017

Midsund kommune gir Kari Midling Gram pålegg om å ta jordbruksareala på gnr 54, bnr 5 i Midsund i bruk eller inngå ein skriftleg avtale på 10 år om utleige av jordbruksareala som tilleggsgjord. Fristen vert sett til 01.06.2017.

Dersom ikkje pålegga vert iverksette innan fristen, vert saka oversendt fylkesmannen til vurdering.

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal innan tre veker frå meldinga om vedtaket er motteke.

PS 17/12 Landbruksmelding for Møre og Romsdal 2017. Høyring

Forslag til vedtak:

Naturbruksnemnda syner til det framlagde utkastet til Landbruksmelding for Møre og Romsdal 2017.

Landbruket i Midsund har utfordringar med rekruttering og å ta vare på ressursgrunnet. Meldinga har for liten fokus på desse temaene.

Behandling i Naturbruksnemnda - 18.04.2017

Følgjande tekst vert lagt til forslag til vedtak:

«Naturbruksnemnda i Midsund ser positivt på at det vert lagt fram ei Landbruksmelding og at landbruk vert sett på dagsorden.»

Samrøystes vedtak i Naturbruksnemnda - 18.04.2017

Naturbruksnemnda syner til det framlagde utkastet til Landbruksmelding for Møre og Romsdal 2017.

Naturbruksnemnda i Midsund ser positivt på at det vert lagt fram ei Landbruksmelding og at landbruk vert sett på dagsorden.

Landbruket i Midsund har utfordringar med rekruttering og å ta vare på ressursgrunnet. Meldinga har for liten fokus på desse temaene.

PS 17/13 Bruk av omsynssoner i kommuneplanen sin arealdel.

Forslag til vedtak:

Naturbruksnemnda i Midsund vil rå til at det vert oppretta omsynssoner med følgjande føremål og lokalisering i kommuneplanen sin arealdel:

Landbruk: Tautra

Friluftsområder: Sandane, Holsvatnet, Rørsethornet, områda ved Midsundtrappene.

Naturområder: Områda so meir registrerte som kystlynghei.

Behandling i Naturbruksnemnda - 18.04.2017

Det vert føreslått å stryke «områda ved Midsuntrappene».

Samrøystes vedtak i Naturbruksnemnda - 18.04.2017

Naturbruksnemnda i Midsund vil rå til at det vert oppretta omsynssoner med følgjande føremål og lokalisering i kommuneplanen sin arealdel:

Landbruk: Tautra

Friluftsområder: Sandane, Holsvatnet, Rørsethornet.

Naturområder: Områda so meir registrerte som kystlynghei.

PS 17/14 Årsmelding - Årsrekneskap 2016

Forslag til vedtak:

1. Årsrapporten for Midsund kommune 2016, som inneheld årsrekneskap og årsmelding vert godkjend. Driftsrekneskapen viser eit meirforbruk på kroner 684.739
2. Det rekneskapsmessige meirforbruket i 2017 på kroner 684.739 vert dekt inn i 2017 ved bruk av disposisjonsfond.
3. Investeringsrekneskapen viser eit mindre-/meirforbruk på kroner 0.
4. Finansrapporten per 31.12.2016 vert godkjend.

Samrøystes vedtak i Rådet for funksjonshemma - 20.04.2017

1. Årsrapporten for Midsund kommune 2016, som inneheld årsrekneskap og årsmelding vert godkjend. Driftsrekneskapen viser eit meirforbruk på kroner 684.739
2. Det rekneskapsmessige meirforbruket i 2017 på kroner 684.739 vert dekt inn i 2017 ved bruk av disposisjonsfond.
3. Investeringsrekneskapen viser eit mindre-/meirforbruk på kroner 0.
4. Finansrapporten per 31.12.2016 vert godkjend.

Samrøystes vedtak i Naturbruksnemnda - 18.04.2017

1. Årsrapporten for Midsund kommune 2016, som inneheld årsrekneskap og årsmelding vert godkjend. Driftsrekneskapen viser eit meirforbruk på kroner 684.739
2. Det rekneskapsmessige meirforbruket i 2017 på kroner 684.739 vert dekt inn i 2017 ved bruk av disposisjonsfond.
3. Investeringsrekneskapen viser eit mindre-/meirforbruk på kroner 0.
4. Finansrapporten per 31.12.2016 vert godkjend.

Møtet vart heva kl 14:00.